

Ein brei kulturfestival!



Bjørn Olav Tveit: Ikkje berre ein rockefestival

Festidalen er ein brei kulturfestival og ein folkefest tufta på ein tydeleg musikalsk profil

Slik vert Festidalen definert i sin nye og utvida modell som Bjørn Olav Tveit presenterte under møtet til Uskedal Utvikling i Gamleskulen i kveld. Han presiserte at festivalen nå skal utviklast til å bli noko langt meir enn berre ein rockefestival. Tveit opplyste ellers mellom anna at det no nærmar seg offentleggjering av dei to hovudbanda på fredag og laurdag

Aktivitet	Arena
Musikkverkstad	Skulen
Street Art, Grafitti	Sandakaien, båthamna
Poesislam, skriveverkstad	Gamleskulen
Animasjon, film	Kvinnherad Vekstbedrift
Installasjon, kunst	Festivalområdet, bygda
Dans, hip-hop	Helgheim
Kor	Aktivitetshuset
Småstjerner	Båthamna, småscene
Kulturutveksling mat	Gamleskulen
Seminar, musikk	Vertshuset,
Brettspel	Gamleskule-plen
Seminar, næring	Aktivitetshuset
Miniforedrag	Rabbenkjedlaren
Naturfag	Stemneplassen
Sponsorbidrag	Båthamna

Festidalen 2013 har ein lang 'spisesdell'. Klikk på han, så verthan lettare å lesa

Dette er resten av definisjonen av Festidalen:

- * **Festidalen er ein regional festival**
- * Festidalen førar skapande krefter i lokalsamfunnet saman:organisasjonen. friviljuge, sponsorar, organisasjonar.
- * Festidalen er ein heilårs og mangfaldig leverandør avkultur i lokalsamfunnet.
- * Festidalen er kreativ, nyfiken og utforskande.
- * Festidalen er til å stole på, og tek ansvar som samfunnsaktør.

Dette bygde Tveit ut med mellom anna å visa til at andre festivalar, som den i Øystese, har eit spekter av programpostar og det er ynskjeleg at vår festival også går den vegen.

Festidalen skal også servere kultur gjennom året, til dømes påskefesten som nettopp er halde og fjellcampen som kjem i mai.

Sjølve festivalen skal også vera Festidagen som startar torsdag og Festifjellet som inneheld konsert på Låganosa. Ellers skal det skje mykje i heile bygda og som går fram av plakaten over.

Tveit streka under at leiinga er oppteken av at festivalen set ein standard, mellom anna når det gjeld skjenking, og også let dei unge få komma inn.

Ivar Nesse er ein drivkraft bak den nye thaimatvogna og presenterte både den og smaksprøver. UU har hatt ein svært aktiv rolle i dette tiltaket. Nesse kunne rapportera om veldig trafikk i startfasen og sa at dei 3 bak prosjektet hadde kjent seg svært velkomne. Om plasseringa viste han til både at dette er midt i kommunen, at vogna er godt synleg frå ein gjennomfartsveg og at det er rommeleg der. Om maten sa han at dei hadde freista å treffa norske ganer.

Leiar Kristian Olav Bringedal opplyste at det no endeleg tek til å verta fart på Børnes industriområde.

Snart skal det skje ei tilretteleggjing av området og det er no 5-6 firma som er interessert i å satsa der.

Uskedal Utvikling har ellers igang ein medlemsverving med 100 medlemmer som mål.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



UU har hatt ein aktiv rolle i etableringen av thaimatvogna. Her er leiar Kristian Olav Bringedal på plass med blomar